

Krig og okkupasjon 1940

Avsluttende svar til høyesterettsadvokat Albert Wiesener fra professor, dr. philos. Magne Skodvin

Dette er mitt siste svar til advokat Wiesener i denne omgangen. Advokaten fører ingen nye moment inn i diskusjonen, men nøytr seg med å argumentera vidare om dei gamle. For og går med i repetisjonsvinga, har eg ein liten bukett og eit spørsmål.

Buketten er ein samling Wiesener-sitat, som disse: «professor Skodvins sproglige akrobatikk», «hvis historikeren Skodvin med objektiv forskervilje hadde satt seg inn i...», «svarer Skodvin med et økseskaft...», «han har prosedert et bestemt partsyn» og «kunne ha spart seg sitt ikke overintelligente spørsmål», — og så til slutt ei rose (eller er det kanskje ei rosin?): «Jeg tror vi i det lengste skal holde den forklaring åpen at det kan være professorens skjønn som svikter, han tror seg upartisk...».

Gjerne advokat Wiesener, De avlar perler i mitt hjerte. Eg skal ikkje ein einaste gong påstå at De har dårleg skjønn, eller er uintelligent, eller partisk! De står ikkje ein gong for meg som ein språkleg akrobat. Men eg er ikkje i tvil om at De tek feil. Dette var buketten. Spørsmålet lyder slik: På bakgrunn av det eg nettopp siferte, er De sikker på at De har hatt hell og framgang i forsøket på å stå fram som talsmann for objektiv ro?

1. Det var, fortel advokat Wiesener, stor defaitisme i Europa i 1940. Ja så menn var det det. Det var også ein hardnakka vilje til å føra krigen mot Hitler vidare, same kor vanskeleg det måtte synast. Den norske regjering var mellom dei som nærde ein slik vilje, og, som lekfolk stundom seier, historia gav dei rett. Meiner De nå at vi skal sjå bort frå den norske regjerings klare og konsekvente motstandspolitikk, for di om til dømes Pétain var revisjonist? Og for di det også fanst defaitisme i Norge? De hevdar at det «lå i sakens natur at det var tyskerne som måtte diktere vilkårene». Eg minner på ny om at tyskarane hadde ingen som helst kontroll over den norske regjering, og dei som fylgde den, etter evakueringa frå Tromsø. Dei kunne ikkje diktera det minste vilkår, og dei visste det. Dei trudde vel heller ikkje, i 1940, at det spela nokon nevneverdig rolle. For å føre det same språk vidare: historia gav dei urett.

2. På dette punktet vil De «endossere» mitt svar. Gjerne, og takk for det. Men så får De min santen la vera å amputera det først. Det var ikkje absurd å meine i 1940 det De visstnok meiner den dag i dag. Men det var ei feil tolking av Trondheims-avtalen, reint bortsett frå at avtalen ikkje var offentlig kjend i 1940. Dette var mitt svar, og De må så gjerne «videresende» det til kven De lyster. Men kva De måtte ha av ufullførte diskusjonar med «rettsoppgjørets fersvarere», er både meg og denne diskusjon uvedkomande.

3. De skriv altså framleis at tyskarane «forlangte ubegrenset fullmakt hos den norske forhandler, og på den bakgrunn underskrev Ruges representant Roscher Nielsen på at samtlige norske

Dette kunne De skriva dersom det verkeleg fanst eit dokument med Roscher Nielsens underskrift på ei slik formulering. Inntil så måtte skje, er det De som her fører inn ordet «samtlige». Det er også fullstendig på det reine at verken Ruge eller hans forhandlarar hadde uavgrensa fullmakt, eller gav seg ut for å ha det, og at tyskarane på si side var klar over dette. Den tankegangen De framfører, ligg farleg nær eit standpunkt som dette: Tyskarane, «den daværende seierherre», vilie at det skulle vera slik — altså er det slik.

4. Sjølv sagt har eg vurdert Buschenhagens framstillingar både i 1963 og i 1969. Men eg har lagt avgjerande vekt på den holdning som kjem til syne i dei interne tyske aktstykker frå sjølve dagen, 10. juni 1940. Dette er ikkje eit spørsmål om «objektiv forskervilje» (som De så suverent fråkjenner meg), men om elementær historisk metode (som De ennå har mykje å læra om). Men De kunne i alle fall også ta med Buschenhagens framstilling frå desember 1955, der det mellom anna heiter: «Formålet med kapitulasjonsforhandlingene i Trondheim var å bringe krigstilstanden til avslutning på det samlede norske territorium. Det betydde på den annen side ikke at det norske territorium ikke lenger skulle være operasjonsområde i Tysklands krig med England og de norske stridskrefter som kjempet med utgangspunkt i England» (her sitert slik det er offentliggjort av Sverre Hartmann i Norges Handels og Sjøfartstidende 8.6. 1956).

5. Det er på det reine at offiserar i Nord-Norge gav æresord på at dei ikkje skulle «krige vidare» (eg held meg til den formulering De sjølv brukte). Men, hevdar De, den krigen dei ikkje skulle krige vidare i, var slutt før dette æresordet vart gjeve. Nå spør eg: kva var det for ein krig dei ikkje skulle krige vidare i, dersom krigen alt var slutt? Til dette svarar De at «dette bare understreker og skjerper betydningen av at æresordene ble gitt». Eg kan med min beste vilje ikkje finna tilsprang til logisk tankegang her. Men la meg prøva ein annan veg: I Hitlers Erlass av 9. mai 1940, om frigjeving av norske krigsfangar, står det at yrkessoldatar skal haldast «in Haft» inntil den norske regjering har kalla sitt opprop til strid mot Tyskland eller (understreka av meg) offiserar og soldatar ved æresord har forpliktet seg til ikkje å delta i vidare kamphandlingar mot tyskarane. Altså: dersom regjeringa hadde stoppa krigshandlingane totalt, var det ifylgje Hitlers Erlass unødvendig å forlange æresord i det heile.

6. De spurde meg om ei rekkje handlingar av Administrasjonsrådet og andre ville «overhodet vært tenkelig» dersom disse hadde vore på det reine med at Norge heldt fram med å føra krig. Det var nok eit retorisk spørsmål, vil eg tru, men eg svara som om det skulle vera alvor. Det var så menn ikkje berre tenkeleg, men

Quisling-tilhengjarar, Quisling sjølv, og NS-propaganda med han, innprenta at nordmennene i London førde krigen vidare, og det såg på Administrasjonsrådet som kongetilhengjarar, — med god grunn. Til dette innvender De nå at for Quisling var regjeringa berre ein emigrantklikk. Javel, men for oss er det den norske regjering. At Quisling tok feil på dette punktet bør ikkje forvirra oss nå.

7. Kan eg, spør De, «med händen på hjertet» hevda et eg ikkje i denne diskusjonen «har prosedert et bestemt partsyn»? Eg skal ikkje returnera spørsmålet, berre svara på det. Eg har uttala meg om eit historisk spørsmål, på grunnlag av primære aktstykker. Dei er i dette tilfellet så klare at eg er i stand til å forma ei presis meining. Kvar einaste innvending som De og andre har lagt fram, har eg vurdert på dette faglege grunnlag. Eg er framleis av ei anna meining enn De, og utan skugge av tvil. Vi er kort sagt uenige, og det får De tala. I staden har De valt å påstå at eg «nevner hele tiden bare de historiske opplysninger som passer en bestemt tolkning av avtalen». Nå vel, dersom mi tolking er rett, så passar sjølv sagt alle opplysningar inn. Men dersom De skulle ha meint at eg hoppar over ting som ikkje passar inn, og dersom det hadde vore grunnlag for ein slik mistanke mot meg, så ville det etter min språkbruk vera svindel. De får prøva å finna ut av om De meiner det eine eller det andre, og dersom De ikkje kjem til noko klart resultat, så får De la halvkvodne viser vera.

Til slutt, og som punktum: Det er ikkje nødvendigvis, som De nær så lett for å påstå, intellektuell svikt, eller moralske lyte, eller beint fram vond vilje, som valdar at vi har ulike meiningar. Vi prøver å rekonstruera eit stykke fortid, med hjelp av dei kjensgjerningar vi meiner å kunna byggja på. Vi kjem til ulike resultat. Etter beste faglege vurdering er eg overtydd om at De tek feil.

Det er det heile.

ser for ter gje ret se. bev ner mill ver åre dige gen (24' gjei en ren vis å fu s g e b n r fi ut OE l ler de pr v

103153

A. Høyen 5.4.71

A 197 Nie Fel me: sl' og 19 at va ve: ro: ar: EE m: te: sp: to